



Budeieeven v/Gro Hommo

3890 VINJE

Delegert sak nr. 14/44

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TCH	2014/2336	16586/2014	223	22.10.2014

Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot - Budeieeven

Dokument i saka:

Søknad om tilskot, motteken 26.9.2014
Budsjett og fagprogram

Vurdering:

Budeieeven ved Gro Hommo, Vinje søker om tilskot på kr 10 000,- frå Vinje kommune til ein studietur på tre dagar til Kjerringøy. Samla kostnad inklusive dekking av avløyarsar-utgifter til fjøs og produksjon er om lag kr 290 000,- for 15 budeier. Turen startar 10 november. Dei søker om tilskot frå Tinn og Seljord kommune, samt Fjellandbruket.

Budeieeven er eitt nettverk for mjølkeforedling og seterdrift i Telemark og Numedal som har eksistert sidan 2004. Dei er om lag 20 medlemmar knytt opp mot minst 10 aktive støylar og matprodusentar. I styret sit Ingebjørg Håvardrud og Barbro Stordalen frå Tinn, Margit Åsan frå Seljord og Gro Hommo frå Vinje. I møte om Fjellandbruket i Lampeland 27.3.2014 blei Budeieeven presentert ved Gro Hommo. Organisasjonen har og blitt nominert til miljøprisen for 2013. Sjå elles <http://budeieeven.no/> eller deira Facebookside.

Budeieeven gjennomført i 2013 eit prosjekt for å auke kompetansen innan ysting, mattryggleik og lønsemd for lokal matproduksjon - Vinje kommune var bidragsytar. Prosjektrapporten synte at dei fikk gjennomført mange tiltak, og hadde ei god måloppnåing. Dette gjev grunnlag for å vere positiv i vurderinga av realismen og gjennomføringskrafta i omsøkte tiltak.

Medlemmer i nettverket er knytt direkte til landbruket, og utøvar ein tradisjonell aktivitet i fjellregionen som på mange måtar er etterspurde – men likevel på mange måtar trua. Ein har

etter kommunalt regelverk høve til å gje tilskot inntil kr 10 000,- til andre landbruksføremål som ikkje er nemnt som satsingsområde. Ein legg vekt på at dette er eit samarbeidstiltak som ønskjer å heve kompetansen for sine medlemmar. Etter ei samla vurdering vil ein tilrå søknaden.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev Budeieveven v/ Gro Hommo - i medhald av kommunalt regelverk – eit tilskot på kr 10 000,- til fagtur som omsøkt. Ein ønskjer ein enkel rapport og rekneskap for turen før tilskotet blir betalt ut. Frist 31.12.2015

God tur

Toril Nicolaisen
Næringsssjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar